



**DEN NORSKE KIRKE**

Møre bispedømeråd

# Møre bispedømeråd 2016-2019

Møtedato: 15.12.2017

# Saksliste

## Godkjenning av innkalling og saksliste

- Møteinnkalling Møre bispedømmeråd 15.12.2017 .....	3
--	---

## Godkjenning av protokoll

- Protokoll Møre bispedømmeråd 10.11.2017 .....	5
---	---

## Tilsettingssaker

61/17 Tilsetting av sokneprest i Indre Nordmøre prosti med særskilt tenestestad Stangvik, Todalen og Åsskard sokn.....	13
62/17 Tilsetting av vikar i 50% stilling som rådgjevar diakoni fram til 1. oktober 2019.....	14

## Saker til behandling

63/17 Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017.....	15
64/17 Økonomisituasjonen og ressursfordeling i Møre bispedømme .....	17
65/17 Førebels budsjett 2018 .....	21
66/17 Budsjett 2018 - Tilskot til diakoni- og undervisningsstillinger og til kyrkjemusikk i domkyrkja .....	24
67/17 Bruk av OVF-midlar 2018 .....	26
68/17 Fordeling av trusopplæringsmidlar 2018 .....	28
69/17 2018 - Årsplan Møre bispedømme .....	29
70/17 Høyring - Lov om tros- og livssynssamfunn .....	31
71/17 Konstituering for perioden 1/1-18 - 31/12-19 .....	39
72/17 Stiftelsen Åkerlehaugen - oppnemning av representant .....	40

## Orienteringssaker

73/17 Orienteringssaker 15.12.2017 .....	41
- Ledige stillingar og delvis plan for tilsetting per 1. desember 2017. ....	42
- Møre bispedømmeråd - oversikt forvaltningssaker 2017 - kyrkjer og gravplassar .....	43
- Referat fra møte i KAF 04.10.2017 .....	44
- Referat fra ekstraordinært Kontaktmøte 26. oktober 2017 .....	48
- Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 16. november 2017.....	49
- Referat frå RAMU-Møre av 16. november 2017.....	52



## MØTEINNKALLING

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 15.12.2017 kl. 10:00 – 16:00  
**Sted:** Møre bispedømekontor  
**Arkivsak:** 17/00414  
**Arkivkode:** 421

Mulige forfall meldes snarast til Anina Sørli Olsen, as698@kirken.no, tlf. 71 25 06 88

Litt om dagen:

- Opning i kapellet kl. 09:45 – **v/Frode Rabbevåg**
- Lunsj saman med stab kl 11:45
- Medlemmane av bispedømerådet er invitert til middag heime hos Bjørn Olaf etter møtet. Avslutning ca kl. 18:00

## SAKSLISTE

### Godkjenning av innkalling og saksliste

### Godkjenning av protokoll

= Protokoll Møre bispedømeråd 10.11.2017

### Tilsettingssaker

[61/17](#) Tilsetting av sokneprest i Indre Nordmøre prosti med særskilt tenestestad Stangvik, Todalen og Åsskard sokn.  
- *Unntatt offentlighet*  
**Saksordførar: Rikke Kopperstad**

[62/17](#) Tilsetting av vikar i 50% stilling som rådgjevar diakoni fram til 1. oktober 2019.  
- *Unntatt offentlighet*  
**Saksordførar: Maren Elgsaas Jenssen**

### Saker til behandling

[63/17](#) Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017  
**Saksordførar: Frode Rabbevåg**

[64/17](#) Økonomisituasjonen og ressursfordeling i Møre bispedøme  
**Saksordførar: Frode Rabbevåg**

[65/17](#) Førebels budsjett 2018  
**Saksordførar: Ann-Kristin Sørvik**

[66/17](#) Budsjett 2018 - Tilskot til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja  
**Saksordførar: Olav Rønneberg**

- [67/17](#)            Bruk av OVF-midler 2018  
**Saksordfører: Therese Utgård**
- [68/17](#)            Fordeling av trusopplæringsmidlar 2018  
**Saksordfører: Olav Rønneberg**
- [69/17](#)            2018 - ÅRSPLAN MØRE BISPEDØME  
**Saksordfører: Olav Myklebust**
- [70/17](#)            Høyring - Lov om tros- og livssynssamfunn  
**Saksordfører: Per Eilert Orten**
- [71/17](#)            Konstituering for perioden 1/1-18 - 31/12-19  
**Saksordfører: Anette Fredly**
- [72/17](#)            Stiftelsen Åkerlehaugen - oppnemning av representant

### **Orienteringssaker**

- [73/17](#)            Orienteringssaker 15.12.2017
- Ledige stillingar og delvis plan for tilsetting per 1. desember 2017.
  - Møre bispedømeråd - oversikt forvaltningssaker 2017 - kyrkjer og gravplassar
  - Referat fra møte i KAF 04.10.2017
  - Referat fra ekstraordinært Kontaktmøte 26. oktober 2017
  - Referat fra kontaktmøte med fagorganisasjonene i Møre av 16. november 2017.
  - Referat frå RAMU-Møre av 16. november 2017.

Molde 06.12.2017



## MØTEPROTOKOLL

### Møre bispedømeråd 2016-2019

**Dato:** 10.11.2017 kl. 10:00

**Stad:**

**Arkivsak:** 17/00414

**Tilstades:** Therese Kristin Børnes Utgård, Olav Christian Rønneberg, Frode Rabbevåg, Rikke Elisabeth Grevstad Kopperstad, Per Eilert Orten, Olav Terje Flataker, Olav Gading, Hilde Vatne Lande, Olav Myklebust

**Møtande varamedlemer:** Olav Terje Flataker, Olav Gading, Hilde Vatne Lande

**Forfall:** Ingeborg Midttømme, Maren Elgsaas Jenssen, Ann Kristin Sørvik, Anette Fredly

**Andre:** Bjørn Olaf Storhaug (sekr), Avdelingsleiar Alice Elnes (sak 52/17 og 53/17), Økonomisjef Åshild Stige (sak 54/17), Avdelingsleiar Arvid Helle (sak 55/17 og 58/17). Knut Hallen, Kristian Due og Torgeir Frøsøye (sak 58/17)

## SAKSLISTE

**Side**

### Godkjenning av innkalling og saksliste

= Møteinnkalling Møre bispedømeråd 10.11.2017 3

### Godkjenning av protokoll

= Protokoll Møre bispedømeråd 08.09.2017 3

### Tilsettingssaker

[52/17](#) Tilsetting av kapellan i Spjelkavik sokn i Nordre Sunnmøre prosti  
- *Unntatt offentlegheit* 4

[53/17](#) Tilsetting av sokneprest i Ørskog og Stordal sokn i Austre Sunnmøre prosti.  
- *Unntatt offentlegheit* 4

### Saker til behandling

[54/17](#) Rekneskapsrapport pr. 30.09.2017 5

<a href="#">55/17</a>	Førebels høyring "Lov om tros- og livssynssamfunn	5
<a href="#">56/17</a>	Høyring: Samansetting av Kyrkjerådet	6
<a href="#">57/17</a>	Oppnemning av medlemmer til representantskapet for Kirkens SOS - Møre	6
<a href="#">58/17</a>	SMM i Møre bispedøme: Status og innspel til vidare strategi	7

### **Orienteringssaker**

<a href="#">59/17</a>	Orienteringssaker 10.11.2017	8
-	Referat frå møte i RAMU-Møre av 13. september 2017	8
-	Referat frå REVU 20.09.17	8
-	Referat fra Kontaktmøte 6. september 2017	8
-	Referat fra møte i AMU 18. september 2017	8
-	Melding om vedtak i AMU 18.09.2017	8
-	Årsrapport 2016 - 2017	8
-	Rundskriv 07/2017 fra KA - Regler om innsynsrett i ansettelses- og oppsigelsessaker	8
-	Ledige stillingar og delvis plan for tilsetting per oktober 2017	8
<a href="#">60/17</a>	Eventuelt	

## **Godkjenning av innkalling og saksliste**

---

### **- Møteinnkalling Møre bispedømeråd 10.11.2017**

#### **Møtebehandling**

- Forslag om ny sak 60/17 under Eventuelt godkjent: Oppnemning av nytt varamedlem til Mellomkyrkjeleg råd.
- Følgjande saker blir handsama for lukka dører: 52/17 og 53/17

#### **Votering**

Ramrøystes

#### **Vedtak**

Innkalling og saksliste godkjent

## **Godkjenning av protokoll**

---

### **- Protokoll Møre bispedømeråd 08.09.2017**

#### **Forslag til vedtak**

Protokoll frå møte 08.09.2017 vert godkjent.

#### **Votering**

Einstemmig

#### **Vedtak**

Protokoll frå møte 08.09.2017 godkjent.

## **52/17 Tilsetting av kapellan i Spjelkavik sokn i Nordre Sunnmøre prosti**

*Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 25 første ledd*

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd tilset på fastsette vilkår

1. Kjetil Austad

til stillinga som kapellan i Spjelkavik sokn i Nordre Sunnmøre prosti.

### **Møtebehandling**

Saksordførar: Hilde Vatne Lande

### **Votering**

Skriftleg votering gjort etter forslag

Ni stemmer avgitt, to blanke

### **Vedtak**

Møre bispedømmeråd tilset på fastsette vilkår

Kjetil Austad

til stillinga som kapellan i Spjelkavik sokn i Nordre Sunnmøre prosti.

---

## **53/17 Tilsetting av sokneprest i Ørskog og Stordal sokn i Austre Sunnmøre prosti.**

*Unntatt etter offentlegheitslova Offl. § 25 første ledd*

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd tilset på fastsette vilkår

2. Øystein Braaten

3. Kjetil Austad

til stillinga som sokneprest i Ørskog og Stordal sokn i Austre Sunnmøre prosti.

### **Møtebehandling**

Saksordførar: Olav Myklebust



### **Votering**

Skriftleg votering gjort etter forslag

Som nr 1: Øystein Braaten – ni stemmer

Som nr 2: Kjetil Austad – seks stemmer – tre blanke

### **Vedtak**

Møre bispedømmeråd tilset på fastsette vilkår

1. Øystein Braaten

2. Kjetil Austad

til stillinga som sokneprest i Ørskog og Stordal sokn i Austre Sunnmøre prosti.

### **Saker til behandling**

---

## **54/17 Rekneskapsrapport pr. 30.09.2017**

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapen pr. 30.09.2017 vert teken til vitande.

### **Møtebehandling**

Saksordførar: Frode Rabbevåg

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Rekneskapen pr. 30.09.2017 vert teken til vitande.

---

## **55/17 Førebels høyring "Lov om tros- og livssynssamfunn**

### **Forslag til vedtak**

Bispedømerådet sluttar seg til den førebelse saksutgreiinga og støttar framlegg til vidare høyringsprosess.

### **Møtebehandling**

Saksordførar: Per Eilert Orten

Orientering om lovframlegget. Hovudspørsmål vart identifisert og drøfta.

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Bispedømerådet sluttar seg til den førebelse saksutgreiinga og støttar framlegg til vidare høyringsprosess.

---

## **56/17 Høyring: Samansetting av Kyrkjerådet**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd avgir høyring om samansetting av Kyrkjerådet slik det går fram av saksutgreiinga.

### **Møtebehandling**

Saksordførar: Olav Myklebust

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømeråd gir høyring om samansetting av Kyrkjerådet slik det går fram av saksutgreiinga og med dei endringar som vart gjort i møtet.

## **57/17 Oppnemning av medlemmer til representantskapet for Kirkens SOS - Møre**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd oppnemner desse medlemmene til representantskapet for Kirkens SOS – Møre

- 1.
- 2.

### **Møtebehandling**

Saksordfører: Rikke Kopperstad

Forslag til representantar fremma: Rikke Kopperstad og Per Eilert Orten

### **Votering**

Samrøystes

### **Vedtak**

Møre bispedømeråd oppnemner desse medlemmene til representantskapet for Kirkens SOS – Møre

1. Rikke Kopperstad
2. Per Eilert Orten

---

## **58/17 SMM i Møre bispedøme: Status og innspel til vidare strategi**

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd tek framlegga frå SMM nasjonalt og regionalt til etterretning. Mørebispedømeråd takkar også for det gode samarbeidet med misjonsorganisasjonane gjennom SMM Møre, og ber om at dei moment som kom fram i samtalen i saka vert teke med i det vidare arbeidet i SMM.

### **Møtebehandling**

Saksordfører: Olav Rønneberg

Innleiing og presentasjon ved Knut Hallen – SMM-sentralt, Torgeir Frøsøye – SMM-Møre og rådgjevar Kristian Due - SMM-Møre. Samtale.

Moment i samtalen:

- Misjon – integrert del av verksemda for ein kyrkjelyd
- SMM-organisasjonane del av verksemda i kyrkjelyden. Relasjon og anerkjenning
- Strategiarbeid
- Arbeidet med misjonsavtalar

### **Votering**

Samrøystes

## **Vedtak**

Møre bispedømeråd tek framlegga frå SMM nasjonalt og regionalt til etterretning. Mørebispedømeråd takkar også for det gode samarbeidet med misjonsorganisasjonane gjennom SMM Møre, og ber om at dei moment som kom fram i samtalen i saka vert teke med i det vidare arbeidet i SMM.

---

## **Sak 60/17 EVENTUELT OPPNEMNING AV VARAREPRESENTANT TIL MELLOMKYRKJELEG RÅD**

### **Møtebehandling**

Saksordførar: Therese Utgård

Det er behov for å oppnemne ny vararepresentant til Mellomkyrkjeleg råd frå Møre bispedøme. Administrasjonen i Kyrkjerrådet har klarlagt at bispedømerådet oppnemner.

### **Forslag i møtet**

Forslag blei fremma

Therese Utgård, Frode Rabbevåg

### **Votering**

Votering gjennom skriftleg avstemming ga slikt resultat

- Therese Utgård 5 stemmer
- Frode Rabbevåg 4 stemmer

### **Vedtak:**

Møre bispedømeråd oppnemner ny vararepresentant til Mellomkyrkjeleg råd  
Therese Utgård

## **Orienteringssaker**

<b>Saksnr.</b>	<b>Arkivsak</b>	<b>Tittel</b>
59/17	17/00414-40	Orienteringssaker 10.11.2017
-	17/01707-11	Referat frå møte i RAMU-Møre av 13. september 2017
-	17/02798-20	Referat frå REVU 20.09.17
-	17/04106-4	Referat fra Kontaktmøte 6. september 2017
-	17/02307-14	Referat fra møte i AMU 18. september 2017
-	17/02307-15	Melding om vedtak i AMU 18.09.2017
-	17/02798-30	Årsrapport 2016 - 2017
-	17/06279-1	Rundskriv 07/2017 fra KA - Regler om innsynsrett i ansettelses- og oppsigelsessaker
-	17/00415-4	Ledige stillingar og delvis plan for tilsetjing per oktober 2017

Dette punktet i sakslisten er begrenset.

Dette punktet i sakslisten er begrenset.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	121	17/02919-9	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
63/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017

### Vedlegg:

Rekneskap administrasjonen 10 2017  
Rekneskap presteskapet 10 2017  
Korrigert tildelingsbrev november 2017  
Nytt korrigert tildelingsbrev pr. desember 2017  
Vedlegg korrigert tildelingsbrev desember 2017.pdf

### Saksorientering

Rekneskapsrapport for administrasjon og presteskap ligger vedlagt.  
Samane med denne saka ligger også korrigert tildelingsbrev for 2017.

Nokre kommentarar:

### Administrasjonen

Samla lønskostnadar til administrasjon er kr 583.000,- mindre enn budsjettert. Løn til dei faste stillingane er høgare enn budsjettert, i hovudsak fordi lønsoppgjeret er kostnadsført, men ikkje er lagt inn i budsjett (blir kompensert gjennom revidert tildelingsbrev). Sjukefråvær første halvår gir høgare refusjon frå NAV enn budsjettert. Det er i liten grad sett inn vikar. Dette er årsak til mindreforbruket på lønskostnadar på administrasjonen.

Det er også eit mindreforbruk på reise.

Inntekter frå arrangement i 2016 gir ei meirinntekt. Tilskot til rådgjevarstilling finansiert via midlar frå Opplysningsvesenets fond er budsjettert, men er ikkje godskreve enno.

Samla er det eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 777 000 per. 31.10.2017.

### Presteskapet:

Samla lønsutgifter til presteskapet er kr 1 112 000 høgare enn budsjettert. Noko av dette har si årsak i at lønsoppgjeret ikkje er budsjettert (blir kompensert i revidert tildelingsbrev), men og at det har vore krevjande å ta ned lønsutgifter og følge bispedømerådet sitt vedtak om innsparing ved ulike fråvær/ledige stillingar. Vi ser god styring frå prostane og god forståing frå dei tillitsvalde.

Rekneskapsrapporten viser eit mindreforbruk på andre driftskostnadar på om lag 1,7 millionar. Av dette utgjer refusjon til administrativ hjelp for prost om lag 816.000,- som er

forventa utbetalt i november/desember. Flytteutgifter og bilgodtgjersle gir eit bidrag til mindreforbruk på om lag 730.000,-. Vi reknar med at det blir ei innsparing på desse postane i 2017.

Samla konklusjon:

Rekneskapsrapportane pr 31/10 viser eit mindreforbruk på administrasjon og presteteneste. Kostnadar seint på året kan endre dette når det gjelder presteteneste.

### **Forslag til vedtak**

Rekneskapsrapporten pr 30/10 vert teken til vitande.





Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	110	17/03163-8	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
64/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Økonomisituasjonen og ressursfordeling i Møre bispedøme

### Saksorientering

Møre bispedømmeråd gjorde slikt vedtak i sak 18/17 28/4-17

*Møre bispedømeråd gir personalplanutvalget i Møre slikt mandat:  
Med bakgrunn i den økonomiske situasjonen i Møre bispedøme og nasjonale føringar for framtidig fordeling av midlar blir det satt ned eit personalplan-utval. Personalplan-utvalet skal arbeide med alternative forslag til ressursfordeling på kort og lengre sikt i Møre bispedøme.  
Personalplanen skal omfatte prestar, prostar, administrative stillingar og andre stillingar som bispedømerådet forvaltar tilskott til (kateket- og diakonstillingar)*

*Under arbeidet skal personalplanutvalet arbeide med kriterier for bemanningsfordeling innafor og mellom dei ulike stillingsgruppene. For fordeling av kyrkjelydsprestar blir tidlegare vedtatte ressursfordelingsmodell i Møre bispedøme eit utgangspunkt.*

*Planen skal gi grunnlag for forslag til prioriteringar for budsjett 2018, men skal og gi prioriteringar i høve til langsiktig ressursfordeling. Det blir lagt til grunn at ingen tilsette som er i stilling skal bli sagt opp.*

*Samansetting av personalplanutvalet:  
Leif Endre Grutle – prost  
Svein Rune Johannesen – kyrkjevevje  
Sindre Stabell Kulø – tillitsvald Fagforbundet  
Stein Karstensen – tillitsvald UNIO  
Erlend Lunde – Regionalt Hovudverneombod  
Åshild Stige – økonomisjef  
Alice Elnes – personalsjef  
Bjørn Olaf Storhaug - stiftsdirektør*

- A) Personalplanutvalget har hatt flere møter, men det ligger ingen konkret anbefaling ennå. Ressursfordelingen har vært lagt fram for prostemøtet og kontaktmøtet med momenter som har vært oppe til vurdering.
- B) Flere momenter taler for at man ikke går inn på en langsiktig ressursfordeling nå. Vi anbefaler derfor en midlertidig endring av ressursfordeling for budsjett 2018 og 2019.

Dette har sin bakgrunn i at de økonomiske rammene er mer usikre enn tidligere. Noen faktorer som vil påvirke i de neste par år:

- Kirkemøtet og Kirkerådet som forvalter av statlige tildelinger. Nasjonale og felleskirkelige satsingsområder kan både redusere og øke kostnader på bispedømmenivå.
- Kommune- og regionreformen med konsekvensar for kommune- og fylkesgrenser fra 1/1-2020.
- Vurdering av framtidige prostigrenser og antall prosti i Møre bispedømme med verknad frå 2019 eller 2020.
- Ny lov om tro- og livssynssamfunn. Blant annet vil framtidig ordning for finansiering av Den norske kirke (statlig eller fortsatt statlig/kommunal finansiering) bli fastsett av Stortinget.
- Kirkemøtet vil behandle sak om fordelingsnøkler i Den norske kirke – hvordan skal det statlige tilskuddet bli fordelt? – og kva blir Møre sin andel?
- Kirkemøtets arbeid med ny kirkeordning.

På bakgrunn av desse punktene blir bispedømmerådet difor anbefalt å gjøre vedtak knyttet til ressursfordeling av ein midlertidig karakter med 2018 og 2019 som tidshorisont.

Utgangspunktet er at Møre bispedømme for 2018 og 2019 må redusere netto-budsjett med om lag 4 millioner kroner i forhold til budsjett for 2017. Sidan bispedømmet i liten grad har inntekter, så er det på utgiftssiden konsekvensene vil komme.

#### 1) Presteressurser og stillinger

Det er bispedømmerådet som oppretter og nedlegger stillinger. Dagens stillingsfordeling er gjort etter fordelingsmodell vedtatt av bispedømmerådet. Vedtak om permanente endringer i stillinger må gjøres etter høringer og drøftinger blant rådsorgan og ansatte i det enkelte prosti. Ved midlertidig endringer er det også behov for involvering, men i mindre grad enn ved permanente endringer.

Et ytterligere nedtak av stillingsressurser tar utgangspunkt i dagens stillinger, og en konkret vurdering for det enkelte prosti. I budsjettsammenheng må det for hvert prosti bli fastsatt antall årsverk i hvert prosti som får virkning fra 1/1-2018. I hovedsak vil det være prosten som fordeler og organiserer arbeidet.

Forslag til ny, midlertidig fordeling tas med utgangspunkt i en vurdering av nåværende, vedtatte fordeling. Antall årsverk bør være hele stillinger. Følgende stillingsressurser legges til grunn i det enkelte prosti, inkludert prost (det legges til grunn at det tilsettes i hele stillinger – antall årsverk kan derfor avvike ):

Søre Sunnmøre: 13 årsverk/stilling (reduksjon 1 årsverk/stilling fra 2017)

Nordre Sunnmøre: 15,75 årsverk/stilling (reduksjon med 0,95 årsverk/stilling fra 2017)

Austre Sunnmøre: 7,3 årsverk/stilling (reduksjon med 0,8 årsverk/stilling fra 2017)

Molde Domprosti: Molde domprosti 11,8 årsverk/stilling (reduksjon med 1 årsverk/stilling fra 2017)

Indre Romsdal: Indre Romsdal 6 årsverk/stilling (reduksjon med 0,3 fra 2017)

Ytre Nordmøre: Ytre Nordmøre 9,5 årsverk/stillinger (reduksjon med 0,8 fra 2017)

Indre Nordmøre: Indre Nordmøre 8,8 årsverk/stillinger (ingen endring. Tilskudd til kirkelig fellesråd tilsvarende 30% av lønn til prest i Sunndal opprettholdes)

Fengselsprester: 1,2 årsverk fordelt på 2 stillinger – ingen endring

Studentprester: 0 årsverk – ingen endring (forutsetter tilskudd og avtaler som ikke medfører utgiftsøkning)

#### 2) Særlig om organisering og ledelse av prestatjenesten

##### a) Samarbeidsområder opphører

Samarbeidsområdet har langt på vei vært de gamle prestegjeldsgrensene og bispedømmerådet har i sin ressursfordeling fastsatt stillingsressurser for hvert samarbeidsområde. Bakgrunnen for endring i dette punktet er at prostiet er tjenestedistrikt (med virkning fra 2004 og videreført ved

virksomhetsoverdragelsen i 2017). Videre er det fastsatt ny arbeidstidsavtale for prester og proster. Intensjonen er å sikre samarbeid og arbeidsplanlegging skjer med utgangspunkt i arbeidsavtale, prostens lederansvar og prostiets behov. Dette er ikke til hinder for samvirke og samhandling innenfor mindre geografiske områder i et prosti, men dette geografiske området fastsettes ikke lenger på bispedømmenivå.

- b) Antall gudstjenester. Det er anledning til at en prest kan ha flere gudstjenester i løpet av en dag (også søndag). Den gjensidige forståelsen av at én prest kun skal ha én gudstjeneste pr søndag opphører. Bakgrunnen er ny arbeidstidsavtale og behovet for å ha en mer fleksibel og hensiktsmessig planlegging. Det bør imidlertid sies noe om en grense for hvor mange doble gudstjenestedager man kan ha. Dette ligger til biskop/prost og fastsette i møte med den enkelte og etter drøfting med tillitsvalgte.
  - c) Særlig om forordninger (antall gudstjenester fastsatt av biskopen). Dette ligger til biskopen å fastsette etter nærmere prosess og på bakgrunn av de stillinger som er fastsatt. Forordnede gudstjenester er ett av flere grunnlag for hva kommunens tilskudd til den lokale kirke skal dekke.
- 3) Administrasjon  
Antall årsverk på 14,1 i bispedømmeadministrasjonen foreslås uendret i 2018 fra 2017, men det legges inn et innsparingskrav som innebærer at det normalt ikke settes inn vikar ved sykdom eller i den perioden en stilling er ledig. For 2017 utgjør dette ca 0,75 årsverk. Det arbeides på nasjonalt nivå med effektivisering av merkantile funksjoner og det anbefales å avvete resultatet av dette. Det vurderes videre om deler av administrativ hjelp for prost kan ivaretas på bispedømmekontoret. Det må også tas høyde for at det i 2018 vil være et forberedende arbeid med kirkevalg i 2019.
- 4) Tilskudd til diakoni- og undervisningsstillinger  
Det blir foreslått å videreføre prinsippene i tilskuddsordningen i påvente av nye retningslinjer og fordelingsnøkler fastsatt av Kirkemøtet. Dette er ikke til hinder for at bispedømmerådet kan gjøre endringer i enkelttilfeller og for enkeltstillinger slik retningslinjene i dag legger til rette for. Bestemmelsene i rundskriv til tilskuddsmottakerne gitt av Møre bispedømme videreføres.
- 5) Om prostiinnndeling og rammer for prosten
- a) Endringer i prostiinnndeling kommer som egen sak. Det er imidlertid usikkert i hvor stor grad sammenslåing av prosti i seg selv har en effektiviseringsgevinst. Prostene ivaretar allerede i dag en del prestedtjeneste. Om en prostestilling blir borte fordi to prosti slås sammen, må prostens menighetsprest del ivaretas av andre. Økonomisk og administrative konsekvenser må utredes videre.
  - b) Endring i administrativ ressurs for prosten.  
Det foreslås en reduksjon for administrativ hjelp for prost tilsvarende 0,2 årsverk for alle prosti. Dette vil slå ut ulikt fordi man har organisert dette ulikt i prostia. Dette vil utgjøre 1,4 årsverk, men usikkert om dette fullt ut kan tas ut i form av en økonomisk effekt.

#### Konklusjon:

Stiftsdirektøren anbefaler bispedømmerådet om å gjøre vedtak av tidsbegrenset art for budsjett 2018 og 2019. Dette med begrunnelse i at man i og overfor Den norske kirke håndterer tema som vil innvirke på de framtidige administrative og økonomiske rammene for Møre bispedømmeråd.

Spørsmål om fastsetting av (nye) kriterier for bemanningsfordeling innenfor og mellom de ulike stillingsgruppene bør avvendes til de framtidige rammene på nasjonalt nivå er fastsatt og fram til beslutning om framtidige prostigrenser er tatt.

## **Forslag til vedtak**

Møre bispedømmeråd fastsetter ny fordeling av presteressurser for de respektive prosti fra 1/1-2018 slik:

Søre Sunnmøre: 13 årsverk

Austre Sunnmøre: 7,3 årsverk

Molde Domprosti: 11,8 årsverk

Indre Romsdal: 6 årsverk

Ytre Nordmøre: 9,5 årsverk

Indre Nordmøre: 8,8 årsverk. Tilskudd til kirkelig fellesråd tilsvarende 30% av lønn til prest i Sunndal opprettholdes

Fengselsprester: 1,2 årsverk

Studentprester: 0 årsverk

Møre bispedømmeråd opprettholder tallet på stillinger som det gis i tilskudd til innenfor diakoni og undervisning



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Åshild Stige	110	17/05281-6	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
65/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Førebels budsjett 2018

### Vedlegg:

Statsbudsjettet 2018 - foreløpig tildelingsbrev

Vedlegg - Foreløpig tildelingsbrev

Budsjett prosjekt 2018

Førebels budsjett 2018 BDR des

Førebels budsjett 2018 BDR prosjekt

### Saksorientering

Til grunn for saka ligger bispedømerådet sin behandling av sak 64/17 om økonomisituasjonen og ressursfordelinga i Møre bispedøme.

Den økonomiske situasjonen for bispedømet er utfordrande. Auken i tildelinga har ikkje auka i samsvar med endringane i lønsutgiftene.

Ved inngangen til 2017 hadde vi med oss eit mindreforbruk på om lag kr 3 000 000. Dette har gitt forholdsvis moderate krav til innsparing i 2017. Det har lenge vore kjent i organisasjonen at vi må redusere aktiviteten frå 2018.

Møre bispedøme har motteke førebels tildelingsbrev frå kyrkjerådet. Dette ligg vedlagt.

Størstedelen av utgiftene er lønsutgifter. Tildelingane dei seinare åra har ikkje auka like mykje som auken i lønsutgiftene. Dette gjer at vi må redusere utgiftene for å få samsvar mellom tildeling og utgifter. Driftsutgiftene utgjer ein liten del av utgiftene, og innsparingar her gir ein begrensa effekt. Sidan vi ikkje har nokon oppspart kapital vi kan nytte, blir løysinga å redusere talet på tilsette.

Driftsutgiftene for prestskapet og administrasjonen er i all hovudsak vidareført. Mindre justeringar er gjort ut frå rekneskapstala for 2017.

Kvart sokn har sin sokneprest, men alle prestar har prostiet som tenestedistrikt. Prestane kan difor nyttast i ulike delar av prostiet for å få best mogleg teneste for kyrkjelydane innanfor tilgjengelege ressursar. Samarbeidsområde er i praksis avvikla, og prestane har heile prostiet som tenestestad.

Talet på prestestillingar vil få konsekvensar for forordningane. Biskopen fastset forordningane ut frå ressursane i prostia.

Det er fleire usikre faktorar når det gjeld tildelingane i åra framover. Fordelingsnøklar for tildelingane frå kyrkjerådet skal vurderast på nytt og organisering av kyrkja er i endring. Vi legg difor fram eit forslag om midlertidig reduksjon i talet på årsverk. Vedtaket vil gjelde for 2018 og 2019. I løpet av denne perioden vil ein arbeide fram varige løysingar.

Talet på stillingsressursar i 2018 og 2019 viser lønsutgifter pr. prosti. Det er ikkje rom for å setje inn vikar i delar av årsverka som blir tatt ned.

Det har vist seg vanskeleg å få vikar ved sjukdom ved bispedømekontoret. Det er difor kalkulert med ei innsparing i lønsutgifter ved sjukdom der.

I 2018 og 2019 får prostia følgjande presteressursar:

Prosti:	Stillingar i 2018 og 2019:	Endring:
Domprostiet	11,80	-0,6
Søre Sunnmøre	13,00	-1,0
Austre Sunnmøre*	7,30	-0,7
Nordre Sunnmøre	15,75	-0,95
Indre Romsdal	6,00	-0,30
Ytre Nordmøre	9,50	-0,80
Indre Nordmøre**	8,80	0,00
		4,35

\* I Austre Sunnmøre er det prestar som utfører prostesekretærarbeidet.

\*\* I Indre Nordmøre gjer prosten 20 % prostesekretærfunksjon som ein ordinær del av si stilling.

Endring i kommunegrenser gjer at endring av prostia blir vurdert. Økonomiske konsekvensar av dette er ikkje teke med i førebels budsjett for 2018.

Budsjettet føreset følgjande retningslinjer:

### **Bruk av vikar**

Arbeidstidsavtalen skal bli lagt til grunn for planlegging av tenesta i prostiet. Vikarbehovet skal primært løysast ved utarbeiding av fridags- og arbeidsplanar. I fastlegging av arbeidsplan for prestar skal det takast omsyn til ferie og fritid. Arbeidet skal planleggast slik at prestane får tatt ut ferie og fritid i høve til sine rettar utan at det vert sett inn vikar.

### **Ferie**

Ferie vert i utgangspunktet avvikla innanfor dei ressursane som er tildelt kvart prosti. Det er sett av kr 200 000 til ferievikarar i 2018. Dette skal dekke alle utgifter i samband med ferie, også evt. utgifter til bustad, leige av bil og reiseutgifter.

### **Sjukdom**

Det blir normalt ikkje sett inn vikar dei første 16 dagane ved sjukdom. Det kan nyttast midlar til gudstenester, gravferd, vigsel og andre uoppsettelege tenester dersom det ikkje er mogleg å løyse vikarbehovet på annan måte. Andre oppgåver må løysast av andre i kyrkjelyden, bli avlyst eller utsett til presten er tilbake i jobb. Frå dag 17 kan det nyttast vikar i inntil 75 % stilling.

### **Vakanse**

Ved vakanse kan ein setje inn vikar. Dersom vikaren får dekt husleige, gir høge reiseutgifter eller liknande må vikarprosenten reduserast tilsvarande. Dette gjeld vakanse utover innsparingskrava i prostia.

### **Foreldrepermisjon**

Ved permisjon med foreldrepengear, er det høve til å sette inn vikar i same % som arbeidstakaren har permisjon.

### **Studiepermisjon**

Ved studiepermisjon på meir enn 10 veker vert det sett inn vikar i inntil 50 % stilling. Desse permisjonane er ofte delt opp i fleire korte fråvær. Aktiviteten i fråværsperiodane må planleggast slik at 50 % vikar held.

Ved studiepermisjonar på mindre enn 10 veker er det ikkje midlar til vikar.

### **Protesekretær**

Møre bispedøme har ei ordning med 40% sekretærressurs for prostane. Dette er meir enn fleire andre stader i landet, og i budsjettet er det foreslått å redusere dette til 20 % frå april 2018.

### **Konflikthandtering**

Det er sett av kr 200 000 til konflikthandtering. Dette er totalt budsjett til evt. honorar, vikarar m.v.

### **Studentprestteneste**

Det er behov for studentprestteneste i Ålesund, Volda og Molde. Vi har ikkje midlar til nye stillingar til dette, og arbeidet må difor organiserast inn i tenesta til prestane i desse områda.

### **Prosjekt og tiltak**

Ei nærare oversikt over planlagte prosjekter og tiltak med økonomisk konsekvens ligger som vedlegg. I budsjettet blir det lagt til grunn gjennomføring av stiftsdagar, faglege samlingar og prostifagdagar i 2018. Omfanget av vikarar, vegleiieng og andre personaltiltak framgår også.

### **Aministrasjon og bispedømeråd**

Driftskostnadar knytta til bispedømekontoret utover løn blir vidareført når det gjelder husleige, strøm og reinhald. Det blir gjort nokre reduksjonar i inventar, utstyr og drift. Antal møter i bispedømerådet bør ut frå budsjettsituasjonen bli vurdert redusert.

Det er venta at Stortinget aukar tildelinga til Den norske Kyrkja etter budsjettforliket. Vi ventar at dette utgjer om lag kr 1 000 000 for Møre sin del. I budsjettet er det lagt inn ei innsparing på vikarar ved vakanse på kr 1 400 000. Auken i tildelinga vil avgjere kor stor del av denne innsparinga som må realiserast.

Resultatet frå 2017 vil påverke tildelinga i 2018. Dette blir teke omsyn til ved endeleg vedtak på budsjettet.

Budsjettet som er vedlagt viser samla utgifter for administrasjonen og prestskapet. Ei fordeling mellom områda vil bli utarbeid til bispedømerådet skal gjere endeleg budsjettvedtak.

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd vedtek framlagde forslag til førebels budsjett og dei føresetnadene som saksorienteringa byggjer på.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	131	17/06871-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
66/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Budsjett 2018 - Tilskot til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja

### Vedlegg:

Forslag tildeling stillingar 2018

### Saksorientering

Møre bispedømeråd er i førebels tildelingsbrev for 2018 frå Kyrkjerådet tildelt kr 9.896.000 til tilskott til stillingar innafor diakoni og undervisning og i kyrkjelydane og til kyrkjemusikk i domkyrkja. Dette er ei auke med 108.000,- frå 9.788.000,- (1,1%) frå 2017. Etter reglane kan bispedømerådet overføre ubrukte midlar frå eit år til eit anna.

Møre bispedømeråd gir på grunnlag av tidlegare vedtak tilskot til 12 undervisnings/kateketstillingar og 15 diakonstillingar i Møre bispedøme. Tilskota blir gitt til nærare angitte kyrkjelege fellesråd, som forvaltar midlane. Fellesråda som får tilskott, gir kvart år rapport om bruken etter nærare retningslinjer. Desse fellesråda er:

Kyrkjeleg fellesråd	Tilskot heil eller del av undervisningsstillingar(ar)	Tilskot del av diakonstilling(ar)
Molde	2	1
Kristiansund	2	2
Ålesund	1	3
Volda	1	
Ørsta	1	1
Ulstein	1	1
Hareid	1	
Neset	1	
Storfjorden		1
Sula		1
Giske		1
Haram		1
Rauma		1
Vestnes		1
Stangvik/Surnadal		1
Sunddal	1	

Tilskotet til kyrkjemusikalsk verdsemd ved domkyrkja skal stimulere den kyrkjemusikalske aktiviteten og skal ikkje nyttast til finansiering av faste stillingar.



I følgje Møre bispedømeråd sine retningsliner for tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk kan også tilskotet nyttast til kompetanseutvikling for kateketar og diakonar. Dersom det er rom for det innanfor løyvinga, kan det gjevast tilskot til andre tiltak innan diakoni og undervisning. Midlar som ikkje er fordelt blir å forvalte av stiftsdirektøren innafor formålet.

Det er gitt tilskot til fagsamlingar for kateketar og diakonar. Vi tilrår at det også blir gitt eit tilsvarande tilskot til fagsamlingar for kyrkjemusikarane. Kyrkjemusikk i domkyrkja har dei to siste åra fått eit meirtilskot som følgje av reformasjonsmarkeringa i 2017. Meirtilskotet blir no redusert.

Bispedømerådet har tidlegare gjort vedtak om lag kor mange prosent av lønskostnadene dei einskilde fellesråda skal få i tilskot. Dette går fram av vedlegget. Det har vore presisert at bispedømerådet ikkje kan garantere å følgje lønsauken i stillingane. Dette var særleg synleg for 2017, der tildelinga av midlar frå Kyrkjerådet ikkje vart lønsjustert. Tildelinga har over år vore lågare enn lønsveksten slik at bispedømerådet ikkje kan gje tilskot som svarar til den vegleiane prosenten fullt ut. Det er størst sprik mellom kostnadar og forslag til tildelt beløp i stillingane med dei høgaste lønsutgiftene.

Vi meiner det er naturleg at dei midlane som blir tildelt det enkelte fellesråd blir å forvalte til stillingar innafor fellesrådsområdet. Det er nødvendig å presisere dette fordi det i dag kan bli oppfatta som at stilling av bispedømerådet er bestemt til å gjere teneste i eit avgrensa del av eit fellesrådsområde.

For 2018 tilrår vi ei auke i tildelinga til dei enkelte fellesråd med 1,1%, Det tilsvarar det som er gitt i auke i forslag til statsbudsjettet for 2018. Budsjettforliket og endeleg statsbudsjett kan føre til ein auke i det bispedømerådet får i tilskotsforvaltning. Om dette skjer tilrår vi ei tilsvarande prosentvis auke i tildelingane til det enkelte fellesråd. Om føresetnadene for tildeling av midlar blir vesentleg endra utover det vi her signaliserer, vil saka bli meldt opp att til bispedømerådet.

Om det oppstår vesentlege endringar i stillingar som det blir gitt tilskott til – då vil tilskotet bli tilsvarande endra, tildømes for eventuelle vakansar i stillingar i 2017 og 2018. Tildelingsbrev til fellesråda for 2018 bli gitt med atterhald av tilsendt rapport for 2017.

### **Forslag til vedtak**

1. Møre bispedømeråd vedtar fordeling av midlar til diakoni- og undervisningsstillingar og til kyrkjemusikk i domkyrkja som framlagt.
2. Fellesrådet forvaltar tildelte midlar og har arbeidsgjevaransvar for stillingar med tilskot innafor eit eller fleire sokn i fellesrådsområdet.
3. Om endringar i statsbudsjettet fører til endra tildeling til bispedømet, blir tildelinga til det enkelte fellesråd endra tilsvarande.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	131	17/06414-2	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
67/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Bruk av OVF-midler 2018

### Saksorientering

Deler av utbytte frå Opplysningsvesenets fond er fordelt mellom bispedøma etter sentralt vedteken fordelingsnøkkel. I førebels tildelingsbrev for 2018 er Møre bispedøme sin del av midlane på kr. 502 000. Dette er om lag same sum som i 2017.

Delen av utbytte som er Møre bispedømeråd sin del, har tidlegare år blitt fordelt gjennom eige vedtak i Møre bdr.

For 2017 var tildelinga på kr 512 000. då blei midlane fordelt slik:

Tilskott etter søknad, søknadsfrist 1. desember	220 000
Tilskot som del av løn til misjonsrådgivar	220 000
Disponibel sum for å styrke reformasjonsfeiringa i Møre bispedøme	72 000

Nytt frå inneverande år, er at midlane frå OVF ikkje lenger er tilskotsmidlar, men driftsmidlar. Det betyr at Møre bispedøme står friare til korleis tildelinga skal brukast.

Bispedømerådet har vedtatt at samarbeidsavtalen med SMM blir vidareført, tildeling skjer etter same praksis som i andre bispedømme, og vil at tildelinga skal nyttast til å dekke 50% av stillingsdelen til misjonsrådgivar, med om lag same kronesum som i fjor.

Administrasjonen ønskjer som før å bruke deler av midlane til særlege tiltak i bispedømet. Slik som ein i fjor nytta midler frå OVF til å styrkje reformasjonsmarkeringane, vil administrasjonen bruke ein del av midlane til særlege og prioriterte tiltak/prosjekt. Aktuelle tiltak går fram av administrasjonen sitt budsjett. For 2018 utgjer summen kr 100 000.

Den siste hovuddelen av tildelinga, delen som har blitt omtala som OVF-tilskot, der interesserte har vore invitert til å fremje søknad innan 1. des. året før, på eige søknadsskjema, merka OVF-søknad, ønskjer administrasjonen skal endrast. Grunngevinga er i hovudsak fordi OVF-midlane ikkje lenger er tilskotsmidlar, men å rekne som driftsmidlar til bispedømerådet. Dessutan erfarer administrasjonen at når det dukkar opp tiltak undervegs som bispedømerådet gjerne skulle tilgodesett, så har den årlege fordelinga vore til hinder for å gi støtte til alle tiltak som ikkje blir omsøkt innan 1. des.

Intensjonen om at midlane skal kome det kyrkjebyggjande arbeidet i Møre bispedøme til gode, blir vidareført.

## **Forslag til vedtak**

Bispedømerådet vil nytte OVF-midlar til å dekke 50% av lønskostnadane til misjonsrådgivarstillinga.

Bispedømerådet gir av OVF-midlar til særlege tiltak, slik det går fram av budsjett 2018.

Etter søknad gir Møre bispedøme av OVF-midlane til prosjektstøtte. Same prosjekt kan berre unntaksvis ta imot støtte over fleire år. Tiltak/satsingsområde som mottar støtte må vera forankra i bispedømerådet sitt planverk.

Støtta blir tildelt etter søknad. Rapport for bruk av tildelte midlar skal leggjast fram for Møre bispedøme seinast eit år etter tildeling.

Bispedømerådet ber administrasjonen om å utvikle eigna søknadsskjema og rapporteringsskjema.

Bispedømerådet ber om at ordninga blir presentert for kyrkjelydar/organisasjonar ved oppslag på heimesida.

Mindreforbruk/meirforbruk skal overførast til neste år.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bente Wangenstein	131	17/06825-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
68/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Fordeling av trusopplæringsmidlar 2018

### Vedlegg:

Tilskudd 2018

### Saksorientering

Møre bispedømeråd er i førebels tildelingsbrev for 2018 frå Kyrkjerådet tildelt kr 18 631 000 kr. i tilskott til trusopplæringsarbeidet i Møre bispedøme. Dette er ei auke med 84 000,- frå 18 547 000,- (1,1%) frå 2017. Etter reglane kan bispedømerådet overføre ubrukne midlar frå eit år til eit anna.

For 2018 tilrår vi ei auke i tildelinga til dei enkelte einingane med 1,1%. Det tilsvarar det som er gitt i auke i forslag til statsbudsjettet for 2018. I 2017 vart einingane tilført 119 000,- meir enn det bispedømerådet fekk tildelt frå Kyrkjerådet. Dette vart gjort gjennom ubrukne trusopplæringsmidlar frå 2016 slik at einingane skulle få same tildelingssum i 2017 som i 2016.

Om budsjettforliket og endeleg statsbudsjett fører til ei auke i det bispedømerådet får i tilskotsforvaltning tilrår vi ei tilsvarande prosentvis auke i tildelingane til dei enkelte einingane. Men at ekstratildelinga på 119 000,- i 2017 blir trekt ifrå før den resterande prosentvise auka vert fordelt på einingane. Grunna avgrensa ubrukne truopplæringsmidlar. Om føresetnadene for tildeling av midlar blir vesentleg endra utover det vi her signaliserer, vil saka bli meldt opp att til bispedømerådet.

### Forslag til vedtak

1. Møre bispedømeråd vedtar fordeling av midlar til trusopplæringsarbeidet som framlagt.
2. Medfører endringar i statsbudsjettet til endra tildeling til bispedøme, vert tildelinga til einingane tilsvarande endra. Den ekstra tildelinga frå ubrukne trusopplæringsmidlar på kr.119 000,- i 2017 vert trekt ifrå før den resterande prosentvise auka vert fordelt.



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Bjørn Olaf Storhaug	030	17/06872-1	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
69/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## 2018 - ÅRSPLAN MØRE BISPEDØME

Arbeidsdokument årsplan 2018.docx  
Strategiske mål - Resultatmål - Nøkkelindikatorer  
Strategiplan 2015 - 2018  
Resultatmål 2018 i KR-saken

### Saksorientering

Møre bispedømeråd skal i dette møtet behandle førebels årsplan for 2018.

Bispedømerådet har gitt overordna styringssignal knytta til budsjett og årsplan i møtet 8/9. Førebels årsplan er saman med førebels budsjett vore lagt fram i kontaktmøtet med tillitsvalde/Regionalt arbeidsmiljøutval og i prostemøtet.

Førebels årsplan er utarbeida på grunnlag av førebels tildelingsbrev frå Kyrkjerådet og på grunnlag av førebels budsjett. Førebels årsplan for 2018 er difor basert på forslag til statsbudsjettframlegget og den kunnskap vi har for rekneskap 2017.

Det er ei målsetting å ha samsvar mellom årsplan og årsrapport. Det er vidare eit ønskje om forenkling og meir oversikt samstundes som vi skal etterkome krav om å sikre at risikovurdringar er ein intergrert del av planprosessane.

Til grunn for Årsplan 2018 ligger

1. Nasjonale mål vedtatt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet (med mål og resultatindikatorar)
2. Regionale mål og visjonsdokument for Møre bispedøme
3. Strategiplan for Møre bispedøme
4. Sak om «Budsjett 2018 – førebels behandling»
5. Risikovurdringar for at hovudmål ikkje blir nådd
6. Tiltak for å sikre at hovudmål blir nådd
7. Krav til årsrapportering for 2017

Det er ikkje lenger særskilte nasjonale mål og resultatkrav knytta til prestenesta eller bispedømeadministrasjonen. Desse felte er lagt inn i årsplanen som regionale mål og tiltak.

I tillegg har bispedømerådet i møte den 8/9 lagt inn desse overordna styringssignala:

\*Prestetenesta – ressursar og rammer for personalpolitikken

\*Administrasjon – ressursar rammer for personalpolitikken

- \* Arbeid med kyrkjeordning
- \* Vidareføring av engasjement for ungdomsarbeid og ungdomsdemokrati
- \* Bibelen i fokus
- \* Prosjekt "velkomen til dåp" – vidare utvikling
- \* Tverrfaglig samarbeid - saman med den lokalkyrkjelege rådsstrukturen
- \* Studentarbeid
- \* Ny kommunestruktur, ny kyrkjestruktur
- \* Implementering av nye administrative systemer
- \* Kommunikasjonsplan - intranett/heimeside
- \* Bidrag til å skape tryggleik under omstilling

Momenta er vurdert og innarbeida.

### **Forslag til vedtak**

Møre bispedømeråd vedtar førebels årsplan for 2018



Saksbehandler	Arkivkode	Arkivsak	Ugradert
Arvid Helle	602	17/05822-15	

Saksnummer	Råd/utvalg	Møtedato
70/17	Møre bispedømeråd 2016-2019	15.12.2017

## Høyring - Lov om tros- og livssynssamfunn

### Saksorientering

#### «Sjå, ho kan gå!»

Foreldre si begeistring over å sjå barnet ta sine første steg, er stor. «Sjå, ho kan gå!» gir uttrykk for glede og oppsamla forventning. No er gåstolen borte, musklar, koordinasjon og balanse er utvikla, og barnet tar sine nølande, vaklande, men sjølvstendig steg. Ei ny verd opnar seg! Ei ny framtid!

Sjølv om Den norske kyrkja (Dnk) har eksistert gjennom hundrevis av år, og har vore ein del av samfunn, fest og kvardag gjennom hundreår og i mange sitt liv, kjennest det litt ut som at kyrkja no er i ferd med å reise seg for å stå på eigen bein.

Endeleg er beina definert. Kyrkjelyden, soknet er allereie definert som juridisk eining. Den lokale kyrkjelyden er den eine foten som kyrkja står på. Og så har Dnk meir nyleg gitt identitet og styrke til sitt andre bein. Kyrkja sitt andre bein er nasjonalkyrkja. Kyrkjemøtet, er kyrkja sitt øvste valde organ og kyrkja sin andre fot, det andre beinet som Dnk skal stå på. Markert med verksemdoverdraging 1. jan 2017 og gitt status som juridisk subjekt, på same måte som soknet.

No reiser kyrkja seg og skal prøve å setje beina under seg. Ho skal sakte, men sikkert kvitte seg med gåstolen. Kyrkja har hatt støttehjul og ekstrabein som har gitt hjelp og retning, men som også har hindra kyrkja å reise seg til å ta eigne sjølvstendige steg. Og omgjevnadane sine hjørne og kantar, kvasse og brysame, er ikkje lenger polstra og plastra, no gjeld eigne erfaringar. Verken omgjevningar eller særlege støtteordningar er lenger innstilt på å gi vern og støtte som tidlegare.

Ein føresetnad for å kunne reise seg, er at barnet har styrke nok! Næring og mat må til for at ein liten kropp skal vekse. For å skape vekst er det slik! I kyrkja snakkar vi både om ande, om sjel og om lekam. Vi veit at vekst i ande og i sjel kjem frå andre kjelder enn den lekamlege veksten. Kroppsleg vekst og styrke har samband med opptak av næring. Kor hyppige måltid treng barnet, kven har ansvaret for at barnet får næringa ho treng? Skal den lekamlege veksten vere avhengig av kva barnet kan plukke til seg undervegs, skal veksten vere avhengig av kva barnet kan gi eller få av andre, eller er vekst og styrke eit resultat av næringsrike og regelmessige måltid?

Hovudmålet med å samle lover og forskrift som omtalar trus- og livssynssamfunn er for å «forenkla» og for å «likebehandle». Dnk har hatt ei særstilling mellom trussamfunna her i landet. Utfordringa i høyringsutkastet er om kyrkja skal behandlast likt med andre trus- og livssynssamfunn, eller om kyrkja framleis, i kraft av si historie og i kraft av å vere

majoritetskyrkje og landsdekkande, skal handsamast ulikt andre trus- og livssynssamfunn. Skal kyrkja framleis ha særleg støtte, og skal omgjevnadane tilpasse seg og ta omsyn til Dnk sin storleik og historie? Og kva næring skal kyrkja leve av? Som i dag, gjennom tilskot frå stat og kommune, kombinert med gåver og innsamling av eigne midlar, eller på same vis som andre trus- og livssynssamfunn, gjennom statleg tilskot, basert på medlemstal, i kombinasjon med gåver, innsamlingar og resultat frå eiga verksemd?

Det er desse utfordringane høyring om «lov om tros- og livssynssamfunn» utfordrar høyringsinstansen å ta stilling til. Ved å presentere utfordringane gjennom biletet av barnet som reiser seg og som skal ta sine første steg, kan kanskje problemstillingane forståast og gripast betre. Gjennom å kommentere einskilde spørsmål, ved å svare samd/usamd og gi spørsmåla verdi som viktig/uviktig, ønskjer Møre bispedømeråd å gi til kjenne sitt syn på høyringa.

## Forslag til vedtak

### Lovens formål og medlemskapsspørsmål

1. Dagens tre lover erstattes av én felles lov om tros- og livssynssamfunn, jf. kap. 6, 8, 18 og § 1.

**Enig/Uenig: enig**

**Viktig/Uviktig: viktig**

**Kommentar:**

Sjølv om Dnk har arbeidd for auka sjølvstende og helsar utkast til lov om trus- og livssynssamfunn velkommen, er auka livssynsmangfald og behov for likehandsaming og forenkling av lovverket like sterke drivkrefter til arbeidet med ny lov. Gjennom seinare år har mangfaldet av trussamfunn auka mykje. Ein kan no sjå eit stort mangfald kristne trussamfunn, og ein kan sjå vekst i talet på trussamfunn utanfor den kristne konfesjon. I tillegg har ein del livssynssamfunn hatt merkbar vekst. Representantar for dei mange trus- og livssynssamfunn har følt at tida har vore inne for auka likehandsaming og forenkling. Møre bdr. støttar ønsket om «forenkling og likebehandling» i ei ny lov om trus- og livssynssamfunn. Møre bdr. helsar velkommen ei lov som ikkje diskriminerer. Samstundes peikar Møre bdr. på at Den norske kyrkja, i kraft av å vere forankra i Grunnlova §16, i kraft av å vere berar av historiske, kulturelle og nasjonale verdiar, av å vere majoritetskyrkje med over 70% av folket som medlemmer og i kraft av å vere landsdekkande, treng eit meir utvida lovfundament enn andre trus- og livssynssamfunn.

2. Lovens formål skal være å understøtte tros- og livssynssamfunnene, jf. kap. 7 og § 1.

**Enig/Uenig: enig**

**Viktig/Uviktig: viktig**

**Kommentar:**

Trusfridomen har tronge kår mange stader. Når den nye lova har som formål å understøtte trus- og livssynssamfunna gir denne formuleringa eit fundament for religiøs utfolding og trusmangfald. Det er Møre bdr. si meining at denne formuleringa styrkjer trusfridomen i Noreg.

3. Loven skal definere tros- og livssynssamfunn som "sammenslutninger for felles utøvelse av en religiøs tro eller et sekulært livssyn", jf. kap. 7 og § 1.

**Enig/Uenig: enig**

**Viktig/Uviktig: viktig**

4. Den gjeldende lovregulerte ordningen om barns tilhørighet til tros- og livssynssamfunn oppheves, jf. kap. 18 og §§ 2 og 3.

**Enig/Uenig: uenig**

**Viktig/Uviktig: viktig**

**Kommentar:**

Møre bdr. er samd i at ordninga med forrang blir oppheva.

Møre bdr. er imot framlegget om at ordninga med «tilhørighet», som i dag er regulert ved lov, blir oppheva.

Trus- og livssynssamfunn ønskjer ved ulike høve å invitere born av medlemmer til dåp, til forskjellige trusopplæringstiltak o.a.. Difor meiner Møre bdr. at trus- og livssynssamfunn gjennom lovheimel bør sikrast rett til å hente ut opplysningar om medlemene sine barn, også før desse er meldt inn som medlemmer.



## Registrering og tilskudd

5. Det settes som krav for registrering av tros- og livssynssamfunn at samfunnet må ha mer enn 500 medlemmer som har fylt 15 år, jf. kap. 7 og § 3.

**Enig/Uenig: uenig**

**Viktig/Uviktig: viktig**

**Kommentar:**

